



**Tokke kommune**  
**Næringsavdelinga**

Jaktlaga i Tokke

**Delegera sak**  
**Delegert landbruk, miljø og utmark - nr. 10/22**

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:  
2010/513-1 Sverre Bakke,35075242 K46 10.05.2010  
sverre.bakke@tokke.kommune.no

**Kvoter for hjortejakta 2010.**

**Saksdokument:**

Nr.1 Fellingsresultat 2009  
Nr.2 Fellingsresultat på jaktlag 2009

**Saksutgreiing:**

Minstearealet for hjort i Tokke er 4.000 da. Vi utvida hjortejakta i 2004 grunna skade på ungskog.

Det har mogleg gjev litt resultat, sjølv om mange jaktlag har gjort ein alt for dårleg jobb i høve til motivering og ikkje minst organisering av hjortejakta.

Hjortejakta kan ikkje drivast som elgjakta. Dei som har fått resultat har hive seg rundt og gjort endringar.

Det vart i 2009 gjeve 166 (145) løyve og felt 53 (48) dyr . Det er ein fellingsprosent på 32 % .

Vi ser no konturane av ein betydeleg skade på ungskog av gran i områda Skålebygdi, Midjås, Modalen, Bandakslid, Eidsborg og rundt Lårdal.

Kommunen har 2 verkemiddel til å redusere skader og fare for skader. Det er minstearealet og jakttid . Vi har nytta oss av dette med jakttid og no brukar vi minstearealet.

Fordi forvaltninga av hjorten er i oppstart, må det bli litt fleksibelt med minstearealet. Flexibiliteten er 50 % -regelen.

**Vurderingar:**

Vi tilrår at vi held frå med praksisen frå 2009 og vi vil auke fellinga av hjort i kommunen. Vi kan likevel ikkje auke tildelinga til jaktlag som år etter år ikkje feller dyr. Derfor brukar vi 50 % regelen begge vegar.

Når jaktlag får felling vil dei få auka kvote neste år innanfor den bruken av 50 % regelen vi praktiserar. Vi har ein god kommunikasjon med jaktlaga, så det skulle ikkje vera problem.

Dette er ikkje heilt i tråd med bruken av 50-% regelen, men forvaltninga av hjort er i oppstarten og då må vi vera litt fleksible . Det er imedan i tråd med bruken av 50 % regelen, å bruke den der det er skader forårsaka av hjortevilt.

Fellingsprosenten auka ikkje i 2009. Det viser at det er organiseringa av hjortejakta som er til hinder for auka felling. Vi får arbeide ekstra med å få fleire til å jakte hjort. Her sit jaktlaga med nøkkelen. Dei må sjå på jaktlag som har fått dette til og der både jeger og grunneigar er nøgde.

Vi vel også å bruke 50 % regelen på jaktlag som har store høgtliggande område og som ikkje har felt ein hjort til no. Det blir meiningslaust å gjeva eit løyve på 10 dyr, når fellinga er 0.

Vi vel å seta minstearealet her til 6.000 da. Det same gjeld Smørklepp, Mørke, Gausbu/Kveven, Froland, Nordbygdi og Vegardalen. Dersom dei fyller kvota si vil ein sjølv sagt endre dette komande år.

Hjortejakt vert temaet på årets jaktmøte. Treng de kunnskap om korleis ein organiserar seg dei jaktlaga som får resultat, kan de ringe skogbrukssjefen.

Minstearealet i ein del utvalte område vert endra frå 4.000 da til 2.000 da.

**Vedtak:**

Minstearealet i ein del utvalte område vert endra frå 4.000 da til 2.000 da. Det vil seia at ein nyttar 50 % regelen fult ut , merka (X). Grunnegjevinga er strek vekst i stamma og skader på ungskog av gran. Vi vel også å bruke 50 % -regelen oppover på jaktlag som ikkje har hatt felling over tid, merka (A). Her er minstearealet sett til 6.000 da. Desse vil få auka kvote med ein gong dei får felling. Vi gjer dette for å få opp fellingsprosenten. Kommunen vel å sjå stamma over fleire år før ein gjer endringar i forskrift om minstearealet.

**Areal TILDELING**

<b>Felt nr. da.</b>		<b>Eldre hanndyr</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie dyr.</b>
<b>2. Støylsdalen jaktlag</b>	20.279	1	4	5 x
v/Gunlaug Aalandslid				
Lårdal				
3891 Høydalsmo				

<b>Felt nr. da.</b>		<b>Eldre hanndyr</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie dyr.</b>
3. <b>Mostøyl/Rui</b> v/ Jon Rui 3891 Høydalsmo	19.998	1	1	2
4. <b>Hovden/Breiland</b> v/Oddvar Kvaalo 3840 Seljord	16.272	1	1	2
5. <b>Smørklepp/Tveiten</b> v/ Thor Arne Heggveit 3891 Høydalsmo	21.327	1	1	1 A
6. <b>Gøytil</b> v/Åge Verpe 3880 Dalen	18.015	1	1	2
7. <b>Eidsborg</b> v/Olav Mandt 4694 Bykle	32.703	1	6	8 x
8. <b>Vistadheia</b> v/ Arne Vågslid Vistad 3880 Dalen.	21.820	1	4	5 x
9. <b>Nordbygda</b> v/Finn Arne Askje Lårdal 3891 Høydalsmo	38.902	1	2	3 A
10. <b>Gausbu/Kvæven</b> v/Gunleik Kjestveit Furukollen 9 3960 Stathelle	18.475	1	1	1 A
11. <b>Barskor-Tveiten Lauvikfjell</b> v/Olav Urbø 3880 Dalen.	11.791	0	1	1
12. <b>Austheia/Gaastjønn</b> v/Vidar Lyngdal 3878 Vråliesen	50.275	Driftsplan		12 frie
13. <b>Strandin</b> v/Kjell Arne Neverdalen Lårdal 3891 Høydalsmo	6.630	1	1	1 x

<b>Felt nr. da.</b>		<b>Eldre hanndyr</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie dyr.</b>
<b>14. Husås og Visås</b> v/Alf Åge Botn Svaland 4760 Birkeland	5.431	0	1	1 x
<b>15. Austheiane/ Lårdal</b> v/ Geir Særslund 3840 Seljord	22.552	1	5	5 x
<b>16. Strånd</b> v/Kjell Olav Tveito Lårdal 3891 Høydalsmo	4.463	0	1	1 x
<b>17. Mo Storvald</b> v/ Oddvar Seltveit 3880 Dalen	92.041	driftsplan		37 frie
<b>18. Ripilen</b> v/Torgeir Midjås 3880 Dalen	19.555	1	3	5 x
<b>19. Kvåle/Tveiten</b> v/Olav Aalandslid 3891 Høydalsmo	17.603	1	1	2
<b>20. Froland jaktlag</b> v/Gunnar Reindal Øverland 3880 Dalen	23.425	1	1	1 A
<b>21. Vegardalen jaktlag</b> v/ Roger Lewis Ivar Throndsensv. 6 3600 Kongsberg	13.539	1	0	1 A
<b>22. Øvre Byrte jaktlag</b> v/ Kåre Bryntesen Bakkevegen 4 3825 Lunde	14.861	1	3	3
<b>23. Aamdal jaktlag</b> v/Knut Seltveit Urbø 3882 Åmdals Verk	12.757	1	1	1

<b>Felt nr. da.</b>		<b>Eldre hanndyr</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie dyr.</b>
<b>24. Holtenuten</b> v /Bergethon Marthinsen Lårdal 3891 Høydalsmo	4.303	0	1	1x
<b>25. Barskor Kjestveit</b> v/ Olav Felland 3880 Dalen	11.283	1	0	1
<b>26. Mørke</b> v/ Svein Erik Andersen Nibovegen 15 3830 Ulefoss	22.333	1	1	1 A
<b>27. Cappelen</b> Silvi Montana Boks 103 3831 Ulefoss	10.890	1	0	1
<b>28. Bergland</b> v/ Gjermund Bergland 3880 Dalen	6.825	0	0	1

Storvalda frå løyving i eiga sak. Dei er teke med her fordi for oversikten, totalt sett.

Denne tildelinga vil seia ei kvote på 166 dyr og 3.363 da/dyr. Inkl. dei frie dyra til storvalda.

Fordeling av alder og kjønn vert:

	<b>Eldre hanndyr</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie dyr</b>	<b>Sum</b>
Antall	20	41	105	166
%	12	25	63	100 %

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om hjortevilt og bever §15 og 6.

*Vedtaket er gjort etter fullmakt gjeve av Tokke kommunestyre  
Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.*

Etter fullmakt

Nils Gjerde  
næringssjef

Sverre Bakke  
skogbrukssjef

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet)</b></p> <p>(2) Dato</p>
(3) Mottakar (namn og adresse)	(4) Klageinstans
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett Kven kan De klage til?	De har rett til å klage på vedtaket. Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstanse, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt aandre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga.</li> </ul> Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og tilå krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumente i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seeinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	